

## **Sak 61/21 TV OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER.**

### **Saksopplysning:**

Saka om TV- overføring av kommunestyremøter, var sist oppe i regionrådet 27. november 2020, i sak 60/20. Då hadde saka vore ute på anbod. Radio Hallingdal vart kåra til vinnar av konkurransen og Hemsedal vart pilot for dei fyrste TV-overførte kommunestyremøtene.

Det vart fatta følgjande vedtak:

- 1. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide avtale med Radio Hallingdal basert på tilbodet som er gitt i anbodskonkurransen. Denne avtale skal vedtakast i kvar kommune.*
- 2. Regionrådet vedtek at Hemsedal kommune blir pilotkommune med oppstart i januar 2020.*
- 3. Regionrådet rår til at kvar kommune tek stilling til om ein ønskjer TV-overføring av kommunestyremøta i tillegg til FM overføring og at ein inngår avtale med Radio Hallingdal under føresetnad av at pilotperioden kan vise til godt resultat. Oppstart kan skje i august 2021 eller i beste fall tidlegare og begge partar er klare for det.*

### **Vurdering**

Hemsedal kommune har testa ut løysinga i 6 månader og gjort seg nokre erfaringar.

- Kommunestyrerepresentantane er nøgde med den nye ordninga der ein både har levande bilete frå kommunestyremøte og tradisjonell FM overføring på Radio.
- Overgangen frå å vera ei stemme på radioen til å vera ein levande person med bilete på «TV» gjekk fort og utan problem av noko slag.
- Politikarane meiner det er positivt for publikum sjå dei folkevalde live, og dessutan er dette med på å gjera lokalpolitikken meir interessant og meir tilgjengeleg.
- Ordførar Pål Rørby vil oppmode dei andre kommunane til å gå inn for løysinga

Prisen som Radio Hallingdal ha gitt er på om lag kr. 4550, pr møte inkl. etterarbeid. Det som kan koma i tillegg er ei arkivløysing som «snakkar» med nytt arkivsystem, ein ekstrakostnad på kr. 450 pr. time for den tida som går ut over 4 timar pr. møte og årleg indeksregulering.

Til samanlikning kostar gjeldande avtale, med berre radiosending, om lag kr. 4200 pr. møte + kr. 1000 om ein ønskjer oppsplitting av saker og tilgjengelege lydfiler på eigen nettside

Dagleg leiar si vurdering er at dette er ei svært god ordning for kommunane både når det gjeld kvalitet på leveransen og pris. Prisen på tilbodet er omlag 650 kr rimelegare pr. møte enn dagens ordning om ein heldt møtelengda under 4 timar. Årsaka til dette er at nytt utstyr gjer oppsplittingsjobben enklare.

Erfaringa frå Hemsedal er at det er mange som følgjer møtene live, eller som ser på dei i etterkant (sjå tal nedanfor) Det er ikkje mogeleg å få ut samanliknbare tal frå tida med berre radio-overføring, men når ein har mellom 200 og 300 sjåarar innom på kvar sending, er det mykje som tyder på at tilbodet har vorte godt motteke hjå publikum.

	Unike IP adresser som følger møte direkte	Sett på arkivert sending i etterkant:
Kommunestyremøte 3/2: Teams	269	72
Kommunestyremøte 14/4: Teams	192	65
Kommunestyremøte 5/5	339	84
Kommunestyremøte 16/6	198	84

**Forslag til vedtak**

1. Regionrådet rår til at alle kommunar i Hallingdal innfører ordninga med TV overføring av kommunestyremøta i tillegg til FM overføring og at det vert inngått avtale med Radio Hallingdal om dette. Oppstart kan skje så snart kommunen er klar for det.
2. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide avtale med Radio Hallingdal basert på tilbudet som er gitt i anbodskonkurransen. Denne avtale skal signerast av ordførar i kvar kommune.

Hallingdal, 18. august 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar